

# Årsmelding GOL BARNEHAGE (Kultur og levekår)

## Kommuneplanen sin tekstdel – om Gol barnehage:

### Barnehageplassar

Alle barn har rett på barnehageplass, jf Lov om barnehagar.

### Utvikling

Utviklinga i samfunnet krev at barnehagen arbeider målretta med utvikling av sosialt samspel og språkutvikling.

Gol kommune skal vera blant dei fremste i landet når det gjeld læringsmiljø og kunnskapsutvikling. Gol kommune skal vera eit sentrum for spennande kunnskapsbedrifter og kreative fagmiljø.

### Læringsmiljø

God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.

Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.

Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleve meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.

God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

### Kompetanseheving og fagmiljø

Gol kommune vil arbeide for at kunnskaps-bedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.

Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.

Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

### Gol barnehage

Kvar barnehage skal vere tilrettelagt for læring og utfalding - både i ute- og inne-miljøet.

Det skal vere kvalifisert personale.

Det skal vera god tilgang på pedagogisk materiell.

Barnehagen skal fremje nære og gode relasjonar mellom barn-barn og vaksen-barn.

Gol barnehage skal leggja vekt på tidleg innsats.

## Ansvarsområda som er med – storleik på avd. og nærvær 2013 (%)

| Ansvar: | Ansvarsomgrep:               | Evt. endringar:         | Stillingsh.<br>(2013) | Fråvær<br>2013 |
|---------|------------------------------|-------------------------|-----------------------|----------------|
| 3130    | Gol barnehage administrasjon | 20 % vakant haust 2013  | 2,1                   | 0,2 %          |
| 3132    | Vesterhuset barnehage        | 100 % vakant haust 2013 | 11                    | 6,0 %          |
| 3133    | Breidokk barnehage           | 100 % vakant haust 2013 | 11,5                  | 9,8 %          |
| 3134    | Rotneim barnehage            |                         | 7,2                   | 11,8 %         |
| 3135    | Åsgardane barnehage          |                         | 4,6                   | 13,2 %         |
| 3136    | Øygdane barnehage            |                         | 6,7                   | 1,2 %          |
| 3137    | Hallingmo barnehage          |                         | 4,4                   | 12,6 %         |
| 3138    | Fagerlund barnehage          |                         | 4,9                   | 3,5 %          |
| 3130    | Vikar- og støttestillingar   | 110 % vakant haust 2013 |                       |                |
|         |                              | <b>330 % vakant</b>     | <b>52,4</b>           | <b>7,7 %</b>   |

Vakanse på bakgrunn av redusert barnetal og noko mindre støttebehov haust 2013.

## Fordeling – rekneskapsartar (alle tal i heile 1.000 kr):

For deltaljar – sjå rekneskapen –  
avdelingsvis oversyn pr. artsgruppe

| Tekst:                | R 2012        | Just B 2013        | R 2013        |
|-----------------------|---------------|--------------------|---------------|
| 10 Lønn               | 27.755        | 27.438             | 28.473        |
| 12 Varer og tenester  | 1.615         | 1.697              | 1.827         |
| 13 Kjøp av tenester   | 1.099         | 1.100              | 1.117         |
| 14 Tilskot, tilleggs. | 47            | 0                  | 37            |
| 15 Finansieringsutg   | 241           | 0                  | 0             |
| 16 Sals- og leigeinnt | -5.066        | -5.201             | -5.095        |
| 17 Ref. og tilskot    | -1.663        | -238               | -2.601        |
| 18 Overføringar       | -131          | 0                  | 0             |
| 19 Finansieringsinnt  | 0             | 0                  | -23.364       |
| Sum driftsutg.        | 30.516        | 30.235             | 31.417        |
| Sum driftsinnt.       | -6.861        | -5.439             | -7.696        |
| Netto finansutg.      | 0             | 0                  |               |
|                       |               | Bud: 24.796        | R: 23.721     |
| <b>NETTOUTG.</b>      | <b>23.897</b> | <b>24.552</b>      | <b>23.736</b> |
| <b>Ansvar:</b>        | <b>R 2012</b> | <b>Just B 2013</b> | <b>R 2013</b> |
| Barnehageadm.         | 2.588         | 3.153              | 2.694         |
| Vesterhuset bh.       | 4.651         | 4.564              | 4.461         |
| Breidok bh.           | 4.860         | 4.963              | 4.535         |
| Rotneim bh.           | 3.132         | 3.332              | 3.272         |
| Åsgardane bh.         | 1.922         | 2.065              | 1.974         |
| Øygdane bh.           | 2.675         | 2.838              | 2.794         |
| Hallingmo bh.         | 2.024         | 2.116              | 2.146         |
| Fagerlund bh.         | 2.045         | 1.779              | 2.326         |
| <b>NETTOUTG.</b>      | <b>23.897</b> | <b>24.796</b>      | <b>24.377</b> |

## Fordeling – nettoutgift pr. ansvar (alle tal i heile 1.000 kr):

For deltaljar – sjå rekneskapen –  
avdelingsvis oversyn pr. artsgruppe

## Utvikling løn korrigerert for refusjonar sjukefråver (alle tal i heile 1.000 kr):

|            | 2007   | 2008   | 2009   | 2010   | 2011   | 2012   |  |
|------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--|
| Netto-løn: | 18.101 | 20.134 | 21.808 | 24.313 | 26.100 | 27.032 |  |

## Avvik – nærvær og rekneskap:

### Fråvær:

- Fem barnhagar har hatt langtidsfråver grunna sjukdom som ikkje er arbeidsrelatert. Dette gjer store utslag. Vi har ikkje klart å nå målet om fråvær på 5 %. Det er heller ein nedgang på 0,2 % for heile 2013. Lantidsfråver gjer store utslag på statistikken i små barnehagar.
- 4. kvart. 2013 viste måloppnåing med nærvær på 95,2 %
- Mål: nærvær betre enn 95 % for 2014

### HMS

- Det er sendt inn 14 avviksmeldingar: 10 på fysisk miljø og 4 skadar der barn er involvert.

### Rekneskap:

- Långtidsfråver førar til ein auke i sosiale utgifter på ca. kr. 250.000, desse utgiftane blir ikkje refundert frå NAV.

- Reduksjon i foreldrebetaling grunna fleire spesialpedagogiske tiltak med enkeltvedtak etter § 5.7 i Oppl.lov, reduksjon i tal på barn, stor prosent med syskjen og stor prosent av barn under 3 år
- Overskuddet totalt i 2013 skyldast vakante stillingar pga redusert barnetal

### Mål og måloppnåing 2013:

| Mål:   | Mål i ord:  | Nådd? | Årsak til avvik:  |
|--|---|-------|---|
| Alle barn har rett på barnehageplass                                 | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Alle fått tilbud om plass ved hovudopptak</li> <li>- 90 % av dei som har søkt om plass utover hausten og frå januar og februar i 2014 har også fått tilbud</li> </ul>                                  |       |   |
| Arbeider målretta med utvikling av sosialt samspel og språkutvikling | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 1 evaluert med konklusjon om god fagleg utvikling av alle tilsette</li> <li>- Prosjektresultat i barnehagane visar også tidlegare innsats</li> </ul>    |       |   |
| Det skal vere kvalifisert personale                                  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det skal vere utdanna førskulelærar i alle pedagogstillingar</li> <li>- Støtte økonomisk og praktisk for tilsette som tek førskulelærar-utdanning på deltid</li> </ul>                                 |       | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Stor utvikling frå 2012. God rekruttering frå august 2013. Pr. 31.12.13 var det kunn 20 % pedagogisk leiar med disp. I tre bhg har SU vurdert ped.normen som tilfredsstillande , årsak for mange deltids plassar</li> <li>- Siste var ferdig til 15.12.13 og førte til reduksjon i behovet for ped.leider på dispensasjon</li> </ul> |
| Eit godt barnehage- og skuletilbod                                   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidareføring av prosjektet Felles løft til steg 2 overgang barnehage-skule: Starta prosjektet i både bhg og skule</li> </ul>   |       |   |
| Fysisk miljø   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomført installering av ventilasjonsanlegg i Øygdane bhg - gitt positivt miljø for både barn og vaksne</li> <li>- I rute med utbygging av ny avdeling og personalavdeling i Vesterhuset</li> </ul> |       |   |
| Tilsyn etter Barnehagelova §§ 1, 3 og 4                              | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Breidokk, Hallingmo, Rotneim, Vesterhuset og Øygdane barnehagar har hatt tilsyn, og det</li> </ul>   |       |   |

|  |  |  |  |
|--|--|--|--|
| Kartleggingstilsyn etter Barnehagelova | blei ikkje funne nokon avvik eller merknadar<br>- Alle 7 barnehagane har svart på skjema med kartleggingstilsyn. |  | - Ingen avvik eller merknadar. Resultatet er m.a. til bruk i arbeid med årsmelding |
|--|--|--|--|

### Styringsmål 2013

| Styringsmål |            |                                   | Datakjelde      | Status |        | Mål 2013/14 |
|-------------|------------|-----------------------------------|-----------------|--------|--------|-------------|
|             |            |                                   |                 | Gol    | Landet |             |
| Felles      | Medarb.mål | Medarbeidertilfredsheit (1-6)     | Medarb.spørjing | 5,2    | 4,6    | 5,2         |
| Felles      | Brukarmål  | Brukartilfredsheit (skala 1 -6)   | Brukarspørjing  | 5,2    | 5,0    | 5,1         |
| Tenesta     | Brukarmål  | Resultat for brukarane (1-6)      | Brukarspørjing  | 5,2    | 5,0    | 5,1         |
| Tenesta     | Brukarmål  | Trivsel (1-6)                     | Brukarspørjing  | 5,3    | 5,2    | 5,3         |
| Tenesta     | Brukarmål  | Brukarmedverknad (1-6)            | Brukarspørjing  | 5,1    | 4,7    | 5,0         |
| Tenesta     | Brukarmål  | Respektfull handsaming (1-6)      | Brukarspørjing  | 5,4    | 5,3    | 5,4         |
| Tenesta     | Brukarmål  | Tilgjenge (opning/lukketid) (1-6) | Brukarspørjing  | 5,2    | 5,4    | 5,2         |
| Tenesta     | Brukarmål  | Informasjon (1-6)                 | Brukarspørjing  | 5,1    | 4,7    | 5,0         |
| Tenesta     | Brukarmål  | Fysisk miljø (1-6)                | Brukarspørjing  | 4,9    | 4,6    | 5,0         |

### Brukarundersøking 2013

Måloppnåing: 0,1 over målet fastsett for 2013. Svarprosent på 60 % er ein auke på 8 %.

### Rekruttering tilsette

| Oversikt | 60 år < | 50 år < | 40 år < | 30 år < | < 20 år < | Menn  | Fleirspråk |
|----------|---------|---------|---------|---------|-----------|-------|------------|
| Tilsette | 6 %     | 26 %    | 24 %    | 29 %    | 15 %      | 1,5 % | 6 %        |

- Forholdsvis høg prosent tilsette over 50 år
- Stort behov for å rekruttere menn, mål frå kunnskapsdepartementet er 20 % menn
- Få fleirspråklege tilsette i forhold til fleirspråklege barn og foreldre

### Utdanning tilsette

| Oversikt | Pedagog | Barne- og ungdomsarb. | Anna relevant fagarbeidarutd | Assistent | Lærling/ praksisplass |
|----------|---------|-----------------------|------------------------------|-----------|-----------------------|
| Tilsette | 43 %    | 11%                   | 9 %                          | 33 %      | 4 %                   |

- 20 % pedagogisk leiar på dispensasjon pr. 31.12.13
- Mål: Ingen pedagogisk leiar på dispensasjon frå hausten 2014

### Barn i barnehagane

| Barnehage     | Tal plassar | Plassar i bruk | Barn u. 3 år | Barn o. 3 år | Fleirspråklege |
|---------------|-------------|----------------|--------------|--------------|----------------|
| Breidokk      | 60          | 57             | 9            | 41           | 14             |
| Vesterhuset   | 54          | 50             | 7            | 41           | 9              |
| Rotneim       | 36          | 31             | 8            | 16           | 1              |
| Øygdane       | 36          | 30             | 9            | 20           | 2              |
| Åsgardane     | 24          | 24             | 7            | 13           | 0              |
| Hallingmo     | 24          | 18             | 7            | 7            | 3              |
| Fagerlund     | 24          | 23             | 9            | 8            | 2              |
| <b>Totalt</b> | <b>258</b>  | <b>233</b>     | <b>56</b>    | <b>146</b>   | <b>31</b>      |

Redusert barntal er regulert med vakanse av vikarstilling og støttestilling, og grunnbemanning er i staden brukt til spesialpedagogiske tiltak og støtte for enkeltbarn og fleispråklege barn.

Mål: Bruke ledig kapasitet til å gje plass til barn som har søkt plass frå januar 2014

## Mål og tiltak 2014:

### Tilsette

- Arbeide vidare med eit inkluderande arbeidsmiljø ved å gjennomføre medarbeidarundersøkinga våren 2014
- Arbeide for å auke nærværet ved å fortsette å legge til rette og følgje opp sjukefråver
- Gjennomføre medarbeidarundersøking med minst same

### Organisasjon

- Avslutte utbygging av Vesterhuset barnehage – våren 2014  
Fagerlund barnehage flytte inn juni 2014.  
Mål: Skape eit godt fagleg miljø for barn og vaksne og effektivisere delar av barnehagedrifta.
- Gol kommune skal ha nok barnehageplassar til dei som har behov gjennom året.
- Vurdere framtidig barnehagestruktur i Gol.

### Kompetanse

- Vidareføre prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 1 inn i vanleg drift og implementere nyttilsette i fagleg utviklingsarbeid
- Prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 2 Overgang barnehage – skule skal bli avslutta med ny kommunal plan for overgang frå barnehage til skule.
- Vidareutvikle tilsette med same metodar som i prosjektet.

### Teneste/aktivitet

- Oppretthalde talet på barnehageplassar – Gol kommune skal gje tilbod om plass til alle som søkjar ved hovudopptaket, og mest mogeleg gjennom året for å rekruttere nye innbyggjarar og fagpersonal

## Utfordringar 2014:

- Oppretthalde vanleg drift i Vesterhuset barnehage samtidig som den gamle delen blir renovert
- Håper å unngå å måtte bruke tilsette som faste vikarar i kvarandre sine barnehagar pga reduserte barnegrupper sidan dette var ein stor utfordring i 2013.

## Effektiviseringsaukande samarbeid – innspel:

- Utvide Vesterhuset barnehage til ein fireavdelings barnehage.
- Utarbeide ein god plan for framtidig barnehagestruktur i Gol
- Tettare samarbeid med skulen og helsestasjon.



Barnet forstår menneskehjertet

*Edgar Allan Poe*